

## Ryddinga i gong i Skårhaug

24.03.2008



Oppryddinga i Skårhaug har kome godt i gang, særleg i synsfeltet mot dalen. I bakgrunnen det nye huset til Siren Simonnes og Bjørn Olav Tveit. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**I spalta "Før og no i Uskedalen" her i uskedalen.no har det lenge lege ei oppmoding om å rydda opp i vegetasjonen i Skårhaug. No er ryddinga godt i gong, på fleire sider av den i tidlegare tider så populære utsiktstoppen sentralt i dalen.**

Spesielt er det rydda i synsfeltet oppover mot dalen, men også på den andre sida (mot sentrum) er nokre grunneigarar kome i gong sjølv om det står ein god del att. Kor mykje det eigentleg står att vil ein få sanne når lauvet kjem!



Panoramaet mot sentrum frå toppen av Skårhaug har begynt å dukka opp att, men det blir spanande når lauvet kjem... (Foto: Ola Matti Mathisen)